



Vinnarlaget.

Fotballsesongen er i gang, og G16-laget til Rosendal har denne veka spela treningskamp mot Trio/Halsnøy 2. Rosendal viste seg som det klart beste laget og vann til slutt 5 - 1. Stillinga ved pause var 1 - 1 etter at Trio/Halsnøy 2 hadde tatt ei tidleg leiing. Det var 3 uskedelinger på vinnarlaget, og dei var alle svært delaktige i den store sigeren.

Sondre Myklebust har utvikla seg ytterlegare frå i fjor, og i kampen bekrefta han si evne som målskorar. Ved tre av måla var han sistemann på ballen. Dessutan hadde han assist då han skaut hardt i tverrliggjaren og Jarand Naterstad sette returen i mål. Imponerande!

Trenaren gjev likevel bestemannsprisen til Torstein Myklebust etter kampen. I tillegg til at han hadde 2 målgjevande pasningar, får han ros av trenaren for å vera svært god med ball, og endå betre utan ball med svært gode bevegelser som gjer at han stort sett heile tida er spelbar.

Den tredje uskedelingen, sidebacken Mats Løland Eik, får også mykje ros frå trenaren. Han imponerte med stor fart, gode løp, flott backspel og ein svært god kamp som breiddehaldar.

Flott levert av alle dei tre og resten av laget!

De kan lesa eit fyldig referat frå kampen på [RTL si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå RTL si heimeside.